

Saksbehandlar: Idar Sagen, Plan- og samfunnsavdelinga
Sak nr.: 15/872-13

Tildeling av støtte frå fylkeskommunalt ENØK fond 2015

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Følgjande får støtte frå fylkeskommunalt ENØK-fond i 2015:

1. Jølster kommune får inntil kr. 254 000.
2. Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får inntil kr. 135 000.
3. Vik kommune får inntil kr. 305 000.
4. Leikanger kommune får inntil kr. 489 725.
5. Fjordvarme AS får inntil kr. 100 000.
6. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får inntil kr. 200 000.
7. Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon, får inntil kr. 20 000.
8. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, lokallaget Indre Sunnfjord, får inntil kr. 25 000.
9. Energikompetansesenteret AS, Nordfjordeid, får inntil kr. 300 000.

Frist for realisering er 15.12.2016 og for sluttrapport 31.12.2016.

Vedlegg:

1. Utlysingsbrev av 02.02. 2015 (a-sak 15/872 nr. 1).

Andre dokument som ikkje ligg ved:

1. Søknad frå Jølster kommune, 24.03. 2015. (15/872 nr. 2)
2. Søknad frå Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd, 19. og 20.03.2015. (15/872 nr. 3-5)
3. Søknad frå Vik kommune, 30.03.2015 (15/872 nr. 6)
4. Søknad frå Leikanger kommune, 31.03.2015 (15/872 nr. 7)
5. Søknad frå Fjordvarme AS, 30.03.2015. (15/872 nr. 9)
6. Søknad frå Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, 01.04. 2015. (15/872 nr. 8)
7. Søknad frå Miljøagentane, Barnas Miljøorganisasjon, 06.04. 2015. (15/872 nr. 10)
8. Søknad frå Naturvernforbundet, lokallag Indre Sunnfjord, 01.04.2015. (15/872 nr. 11)
9. Energikompetansesenteret AS, Nordfjordeid, 07.04, 04.05., 06.05. og 08.05.2015 (15/872 nr. 12 og 14-16)

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune oppretta i 2003 eit enøk-fond med ein grunnkapital på 10 millionar kroner. Fylkesutvalet er fondsstyre og forvaltninga skal skje i tråd med gjeldande vedtekter. Maksimal årleg tildeling er 2 millionar kroner. Fondsmidlane vert lyst ut årleg.

Tilskotsordninga vart evaluert i 2012 og fylkesutvalet vedtok at fylkeskommunen sin vidare innsats innafor dette saksområdet skal intergrerast i arbeidet med å følgje opp Klima og miljøplanen frå 2009. I handlingsplanen for klima og miljøarbeidet i perioden 2014-16 er det sagt at tildeling frå ENØK-fondet skal halde fram, til fondet er tomt. Støtteordninga vart utlyst tidleg i februar 2015 med søknadsfrist 01.04.2015.

Tabellen under viser dei som har søkt, total kostnad til prosjekta, beløp det er søkt om og fylkesrådmannen si tilråding om tildeling.

	Søkjjar	Totalkostnad	Søker om	Tilråding maks
1	Jølster kommune	2 660 000	269 500	254 000
2	Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd*	2 305 000	275 000	135 000
3	Vik kommune	3 050 300	555 910	305 000
4	Leikanger kommune	7 897 250	1 239 849	489 725
5	Fjordvarme AS	200 000	100 000	100 000
6	Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane	400 000	250 000	200 000
7	Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon	20 000	20 000	20 000
8	Naturvernforbundet, lokallag Indre Sunnfjord	50 000	50 000	25 000
9	Energikompetansesenteret AS, Nordfjordeid	1 000 000	500 000	300 000
	Sum	17 582 550	3 260 259	1 828 725

* Omfattar tiltak som fekk kr. 155 000 i støtte i 2014. Omsøkt og tildelt beløp er redusert tilsv.

For tildelt støtte til skifting av vindauge og dører er det ein føresetnad at det skal nyttast produkt med U-verdi betre enn 1,2.

Frist for realisering er 15.12.2016 og for sluttrapport 31.12.2016. Ubrukte tilskot vert strokne ved årsskiftet 2016/2017.

2. Bakgrunn

Sidan støtteordninga vart sett i verk i 2004, er det mange tildelingar som ikkje er utbetalt. Grunnen til dette er at aktuelle tiltak ikkje er gjennomført innan gitt frist. Restmidlar frå 2013 og tidlegare er tilbakeført til fondet. Saldo for fondet ved årsskiftet 2014/2015 var ca. 4 mill. kroner.

Tiltak som kan støttast er enøk-analyser, enøk-investeringar i bygningar og driftsanlegg, opplæring av nøkkelpersonell, samt haldningsskapande arbeid/informasjon retta mot innbyggjarane i fylket. For søknader om støtte til investeringar i bygningar og driftsanlegg, vert det normalt stilt krav om gjennomført enøk-analyse av nyare dato (ikkje eldre enn 2-3 år). Med unntak for haldningsskapande arbeid/informasjon, er støtteordninga berre tilgjengeleg innafor kommunalt og fylkeskommunalt verkeområde. Kommunane får refundert meirverdiavgift. Når støtte vert rekna i prosent av tiltakskostnad, er berekningsgrunnlaget difor kostnader eksklusive meirverdiavgift.

Innkome søknader i 2015 og dei to-tre siste åra, viser at tilskotssatsane som no er lagt til grunn i meir enn 10 år, ikkje er så tenlege som tidlegare. M.a. endringar i teknologi og prisar på ulike produkt er årsaker til dette. I fleire av søknadene er det gjennomgåande lagt til grunn maksimale prosentsatsar på 20 % ved utrekning av stønadsbeløp. I fylkesrådmannen si tilråding om tildeling av støtte er det for fleire tiltak brukt ein generell støttesats på 10 %. Dette m.a. for å sikre ein viss balanse mellom aktuelle og tidlegare tildelingar.

Fleire av søknadene om støtte til haldningsskapande arbeid har hovudfokus på klimaspørsmål. Enøk-arbeid vil vere ein del av dette og aktuelle prosjekt og tiltak vil dessutan vere relevante i høve til fylkeskommunen sitt arbeid på klima- og miljøområdet.

3. Vurdering og tilråding for kvar einskild søknad

3.1) Jølster kommune

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

	Tiltak	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Opplæring av driftspersonell	50 000	50 000	10 000	10 000
2	Energioppfølgingsystem, bygg med timesmålar	45 000		9 000	9 000
3	Ytterdør og vindu i kommunehuset	100 000	5 000	5 000	5 000
4	Ytterdører og vindu i Vassenden skule	150 000	5 000	7 500	7 500
5	Ytterdører og vindu i Skei skule	250 000	10 000	12 500	12 500
6	Innregulering av varmeanlegg m.m. i kommunehuset. Styringsystem.	150 000	15 000	30 000	15 000
7	Luft til luft varmepumpe på kantine/bibliotek kommunehuset	40 000	12 000	8 000	8 000
8	Utviding av SD-anlegg kommunehuset	75 000	10 000	7 500	7 500
9	Utviding av SD-anlegg Vassenden skule	250 000	20 000	25 000	25 000
10	SD-anlegg Mo- og Jølster vgs	50 000	10 000	5 000	5 000
11	SD-anlegg vassverk- og avløpsanlegg	1500 000	50 000	150 000	150 000
	Sum	2660 000		269 500	254 000

Vurdering/tilråding

Innhaldet i søknaden er i samsvar med intensjonane med fondet. Tilrådd tildeling er basert på gjeldande satsar og svarer i sum til 9,56 % av totalkostnaden til aktuelle tiltak.

Tilråding: Jølster kommune får tildelt inntil kr. 254 000 frå enøk-fondet.

3.2) Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak i tre kyrkjer:

	Leikanger kyrkje	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kr/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Bygningsmessig tetting av hovuddør	20 000	1 000	4000	4 000
2	Isolering av himling mot kaldt loft	165 000	8 000	33 000	33 000
3	Varmestyringsystem	50 000	10 000	5 000	5 000
4	Oppgradering og optimalisering av elektrisk oppvarming	300 000	20 000	60 000	30 000
	Sum	590 000	39 000	102 000	72 000

	Norum kyrkje	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kr/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Bygningsmessig tetting rundt dører	40 000	1 000	8 000	8 000
2	Tetting rundt vindauge m.m.	80 000	4 000	16 000	16 000
3	Isolering av himling mot kaldt loft	165 000	4 000	33 000	33 000
3	Varmestyringsystem, SD-anlegg inkl.	50 000	15 000	5 000	5 000
4	Oppgradering og optimalisering av elektrisk oppvarming	100 000	20 000	20 000	10 000
	Sum	435 000	24 000	82 000	72 000
	Frådrag for tilsagn gitt i 2014			37 000	37 000
	Sum			45 000	35 000

Tiltak	Stedje kyrkje	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Bygningsmessig tetting rundt dører	50 000	1 000	10 000	10 000
2	Isolering av golv mot krypkjellar	130 000	8 000	26 000	26 000
3	System for luft til luft varmepumpe	1000 000	80 000	200 000	100 000
4	Varmestyringssystem, SD-anlegg	100 000	25 000	10 000	10 000
	Sum	1280 000	114 000	246 000	146 000
	Frådrag for tilsagn gitt i 2014			118 000	118 000
	Sum			128 000	28 000

Vurdering/tilråding

Innhaldet i søknaden er i samsvar med intensjonane med fondet. Tilrådd tildeling er basert på gjeldande satsar og svarar i sum til 12,58 % av totalkostnaden til aktuelle tiltak. Søknaden gjeld prosjekt som har fått tildelt støtte i 2014. Det er i praksis gjort ei ny vurdering av desse, og til-delte beløp for Norum kyrke og Stedje kyrkje i 2014 er trekt frå i tildelingsbeløpet for 2015. Tilråding: Sogndal og Leikanger kyrkjelege fellesråd får tildelt inntil kr. 135 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.3) Vik kommune

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak ved Flatbygdi skule:

Tiltak	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1 Isolering av ytterveggar	660 000	20 525	132 000	
2 Reduksjon av kuldebrugerknad	837 000	3 642	167 400	
3 Isolering mot loft	183 000	12 748	36 600	
4 Isolering mot grunn	697 500	10 749	139 500	
5 Tettelister vindu/dører	120 000	4 733	24 000	
6 Tetting overgang tak-vegg/golv-vegg	191 800		38 360	
7 Skifting av vindu	361 000	16 054	18 050	
Sum	3050 300	68 450	555 910	305 000

Vurdering/tilråding

Innhaldet i søknaden er i samsvar med intensjonane med fondet. Det er søkt om støtte til enøk-tiltak ved ombygging og rehabilitering av Flatbygdi skule, kunst- og handsverksavdelinga. I søknaden er det teke utgangspunkt i maksimalsatsane på 20 % for alle tiltak med unntak av skifting av vindauge. Aktuelle støttesatsar, basert på areal i m² og utstrekning i m, er for gamle og kan ikkje brukast. Det er tilrådd 10 % støtte rekna av total investering. Tilråding: Vik kommune får tildelt inntil kr. 305 000 frå enøk-fondet.

3.4) Leikanger kommune

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak ved Leikanger ungdomsskule:

Tiltak	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1 Nytt balansert ventilasjonsanlegg	3 000 000	331 800	600 000	
2 Vassboren varme	1 125 000	300 000	120 000	
3 Energisentral	1 800 000	225 000	146 000	
4 Tappevatn anlegg	112 500	5 000	3 649	
5 Utskifting av vind, nordsida	280 000	17 300	14 000	
6 Nattsinking, kontroll temperatur	280 000	18 890	56 000	
7 Utskifting av vindu i gymnastikkbygg	756 000	24 000	37 800	
8 Energioppfølgingsystem	93 750	5 000	18 750	
9 SD-anlegg, styring/automatisering.	450 000	8 000	45 000	
10 Effektreducerande tiltak	Inkludert		198 400	
Sum	7 897 250	634 990	1 239 849	489 725

Vurdering/tilråding

Det er søkt om støtte til nytt ventilasjonsanlegg, varmepumpe med energiopptak frå sjø, distribusjonssystem for vassboren varme, nytt varmtvatn-anlegg, utskifting av vindauge , automatiske styringssystem m.m. Tilskotsordninga er ikkje meint å skulle dekke total fornying av ventilasjonsanlegg, berre mindre tiltak som går på styring. Dette må difor takast ut av søknadsgrunnlaget. Dei andre anlegga det er søkt om støtte til, utgjer ein investeringskostnad på kr. 4 897 250 utan moms. Det er tilrådd støtte tilsvarande 10 % av dette.

Tilråding: Leikanger kommune får tildelt inntil kr. 489 725 frå enøk-fondet.

3.5) Fjordvarme AS

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad eks. mva. kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
	Haldingsskapande arbeid – informasjon retta mot innbyggjarar, elevar og kommunar for omlegging til energiløysingar basert på fornybar energi.	200 000		100 000	100 000
		200 000		100 000	100 000

Vurdering/tilråding

Selskapet fekk i 2006 kr. 55.000, i 2007 kr. 105.000 og for kvart av åra 2008 - 2014 kr. 100 000 i støtte til tilsvarande arbeid. Selskapet arbeider m.a. for omlegging til bruk av fornybar energi til oppvarming og kjøling innafør kommunal/fylkeskommunal sektor. Selskapet meiner at det er behov for denne typen innsats og treng ekstern finansiering for å drive arbeidet.

Tilråding: Fjordvarme får tildelt inntil kr. 100 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.6) Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Utarbeide nettsider med tilpassa informasjon på nettsida www.oljefri.no/ Eksempel frå distriktet og høve til å komme i kontakt med lokal tilbydar	120 000			
2	Informasjonskampanje retta mot huseigarar i fylket	180 000			
3	Prosjektkoordinering, evaluering og rapportering	99 000			
Sum		399 000		250 000	200 000

Vurdering/tilråding

Naturvernforbundet fekk i 2013 kr. 55 000 i støtte til annonsering og informasjon i tilknytning til markering av Earth Hour. I 2014 søkte dei om kr. 167 000 i støtte til m.a. å kartlegge omfanget av oljefyring og nedgravde oljetankar i fylket. Tiltaket er ein del av det nasjonale prosjektet «Oljefri». Det vart tildelt kr. 85 000. No er det søkt om kr. 250 000 til vidare arbeid med sikte på å gjere det enklare og tryggare for bustadeigarar å byte ut oljefyring med meir miljøvenlege oppvarmingsalternativ. Det vert også søkt om støtte frå kommunar i fylket. Jf. sitat frå søknaden:

«Vi ynskjer å starte opp kampanjen Oljefri i Sogn og Fjordane med pilotkommunane Førde, Florø, Eid og Sogndal. Med lokale resurspersonar og støtte frå Naturvernforbundet sentralt, ynskjer vi å nytte den kompetanse og erfaring ein har fått frå Oljefri prosjektet andre stader i landet. Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane vil være ein pådrivar for vidare kartlegging og hjelpe kommunane i arbeidet med å fase ut oljefyring, innan det føreslåtte forbodet mot oljefyring i år 2020. Vårt formål er å hjelpe innbyggjarane i Sogn og Fjordane til å bli oljefri på ein enkel og trygg måte gjennom informasjonsspreiing, vegleiing og kartlegging av seriøse aktørar i marknaden.

.....

Prosjektet Oljefri vil sette konkrete mål på det som prosjektet har ein direkte innflyting på, som eksempelvis tall besøk på nettsida, deltakarar på informasjonsmøter og synlegheit i

media. Prosjektet vil også registrere indikatorar for å sjå om befolkninga endrar åtferd. Utviklingsindikatorane er for eksempel sal av fyringsolje i Sogn og Fjordane, tall søknader Enova mottar frå fylket og tal hushaldningar som melder inn til de respektive kommunane at dei har skifta ut oljefyren. For å kunne sette relevante mål og finne gode indikatorar er ein kartlegging av omfanget av oljefyring i fylket av betydning, noko vi har gjennomført, men som også kan følgast opp som ein del av vidareføringa av prosjektet.»

Tiltaket har fokus på klimaspørsmål og er relevant for fylkeskommunen sitt arbeid på området
Tilråding: Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane får tildelt inntil kr. 200 000 i støtte.

3.7) Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Undervisningsmaterieil og informasjon om Earth Hour til alle grunnskulane i fylket.	20 000		20 000	20 000

Vurdering/tilråding

Innhaldet i søknaden er i samsvar med intensjonane med fondet. I 2013 fekk Miljøagentane støtte til å sende ut reservasjonsmerke mot gratisaviser og reklame. I 2014 fekk dei støtte til undervisningsmaterieil m.m. til grunnskulane i Førde kommune. No ønskjer dei på sende undervisningsmaterieil og informasjon til alle grunnskulane i fylket.

Tilråding: Miljøagentane, Barnas Miljøvernorganisasjon får inntil kr. 20 000 i støtte.

3.8) Naturvernforbundet, lokallag Indre Sunnfjord

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Arbeid med å gjere Earth Hour kjent for barnehagar, skular m.m.. Annonsering av kampanje og unplugged-konsert i Førde kyrkje.	50 000		50 000	25 000

Vurdering/tilråding

Innhaldet i søknaden er i samsvar med intensjonane med fondet. Lokallaget Indre Sunnfjord har tidlegare hatt arrangement i tilknytning til Verdens Miljøverndag med fokus på rettferdig handel, energisparing/ ENØK-quiz, demonstrasjon av el. bil, sykkelaktivitetar m.m. Ved markeringa i 2013 var «Klimavalet 2013» ein del av programmet. I 2014 fekk dei kr. 30 000 i støtte til arbeid med å gjere Earth Hour kjent for barnehagar, skular m.m., annonsering av kampanje og unplugged-konsert i Førde kyrkje. Søknaden for 2015 er basert på eit liknande opplegg som i 2014.

Tilråding: Naturvernforbundet i Sunnfjord får inntil kr. 25 000 i støtte frå enøk-fondet.

3.9 Energikompetansesenteret AS, Nordfjordeid

Det er søkt om støtte til følgjande tiltak:

Tiltak	Omtale	Totalkostnad kr	Energisparing (kWh/år)	Søker om	Tilråding maks
1	Konferanse om miljø og energi i bygg	400 000		200 000	200 000
2	Formidlingsprosjekt om energivenlege løysingar	600 000		300 000	100 000
Sum		1 000 000		500 000	300 000

Vurdering/tilråding

Det er søkt om kr. 200 000 i støtte til ein konferanse om miljø og energi i bygg i november 2015. Aktuelle målgrupper for konferansen er kommunane i fylket (leiing, teknisk nøkkelpersonale, ansvarlege for brukarane) og verksemder i byggebransjen (konsulentar/ leverandørar av løysingar og utførande aktørar). Arrangementet vil vere i tråd med intensjonen bak enøk-fondet så lagt det gjeld haldningsskapande arbeid.

Det er søkt om kr. 300 000 i støtte til formidling av kunnskap frå gode lokale prosjekt til andre aktørar i fylket. Aktuelle objekt som er lista opp er:

- Operahuset/Eid vidaregåande skule, både ny del og oppgradert eldre del med fjordvarme, energibrønner og elektrisitet som varmekjelde.
- Visningscenteret i eit nytt bygg ved Eid VGS vil vere EKS sin base. Bygget vil vere i drift om kort tid og har energibrønner med eigne varmpumper, biobrensel og andre fornybare energiberarar til demonstrasjonsføremål.
- Nordfjord Sjukehus, med varmpumper. Energisertifikatet for bygget: B.
- Fjordvarme-anlegget.
- Samfunnshallen og Kulatoppen omsorgssenter i Vågsøy med nytt varmesystem. Varmepumpe og kjelstyring med støtte frå enøk-fondet.

Viktige målgrupper vil vere kommunane som byggeigarar og private selskap som eig ulike typar yrkesbygg. Tiltaket vil vere i tråd med intensjonen bak enøk-fondet så lagt det gjeld haldnings- skapande arbeid. Fylkesrådmannen vurderer at tiltaket heilt eller delvis, bør kunne gjennomførast innafor ei mindre kostnadsramme enn det som er kalkulert. Jf. også sjanse til å samordne utarbeiding av materiale med konferansen det er søkt om støtte til, og med arbeidet til selskapet Fjordvarme AS. Fylkesrådmannen vil og rå til at søkjar samarbeider med Bygge- og eigedomsavdelinga i fylkeskommunen for erfaringsdeling og gjennomføring av konferansen.

Sitat frå søknaden om støtte til formidlingsprosjekt:

«Energikompetansesenteret AS (EKS) er eit resultat av at bedriftene på Nordfjordeid og Eid vidaregåande skule (Vgs) som med ulike innfallsvinklar er involvert i å fremje meir energieffektive bygg, ønskte å få etablert eit eige selskap som kunne fremje kunnskap om temaet utad. ..

EKS vart skipa i 2014, og har så langt følgjande eigarar: Moderne Varme AS, Eidel AS, Eid Elektro AS, Henden Elektro AS, Spano Rekneskap AS, Fjordvarme AS, A. M. Vik AS, Nordplan AS, Stryn Sentrum - Bankgården AS og Eid Kommune. I tillegg har fleire bedrifter meldt si interesse for å bli medeigarar i selskapet.

For å sikre at det skal ha eit breiare geografisk nedslagsfelt, er styret samansett av personar frå bedrifter i ulike nabo-kommunar. EKS har ambisjon om å bli eit "nav" for å fremje miljøriktige løysingar i byggsektoren. Det er derfor at ein saman med NHO og Fylkeskommunen, vil arrangere ein konferanse om temaet den 12 november 2015. Viser her til eigen søknad om dette. Elles viser vi til pågåande prosjekt i regi av Eid Vgs knytt til kursverksemd. EKS vil etter kvart og bli involvert i dette. Føremålet er dermed å sørge for ei meir samordna satsing kring dette temaet.»

Tilråding: Energikompetansesenteret AS får inntil kr. 300 000 i støtte frå enøk-fondet.

4. Konklusjon/tilråding

Fylkesrådmannen rår til at det vert tildelt inntil kr. 1 828 725 i støtte frå fylkeskommunen sitt enøk-fond i 2015 i tråd med fordelinga som foreslått. Frist for realisering av tiltaka er 15.12.16 og frist for sluttrapport er 31.12. 2016.